


Planprogram Kommunedelplan for klima

Gloppen 2021 – 2030
Vedteke av kommunestyret 29.04.20



Foto: Jan Nik. Hansen



Innhald

1. Bakgrunn.....	3
2. Føremål med planarbeidet	4
3. Føringar for planarbeidet	5
3.1 Internasjonale utfordringar og føringar	5
3.2 Nasjonale føringar og forventningar	5
3.3. Regionale utfordringar og føringar.....	7
3.4 Lokale mål for klimaarbeidet i Gloppen	7
4. Status for klimautfordringar i Gloppen	8
5. Temainndeling i planen	10
6. Organisering og planprosessen	11
7. Medverknad	12
8. Framdriftsplan	12
9. Utredningsbehov.....	13
10. Økonomi	13
Vedlegg 1: Ord og utrykk.....	15

1. Bakgrunn

Klimautfordringar er ei av dei største utfordringane verda står overfor. Utan utsleppsreduksjon vil det vere høg risiko for alvorlege og irreversible klimaendringar. FNs klimapanel meiner klimaendringane vil føre til:

- Meir ekstremver som flaum og tørke
- Dårlegare tilgang på mat og vatn
- Økonomisk ulikskap
- Konfliktar og flyktningar
- Skade på natur, infrastruktur og bygningar
- Tap av natur- og artsmangfald på land og i havet
- Helseproblem

Nasjonale føringer for kommunal planlegging og Klimalova som blei vedteken i januar 2018, stiller krav om at kommunen planlegg for ei klimatilpassing og reduksjon av klimagassutslepp. I 2050 skal Norge vere eit lågutsleppsamt, og kommunane har ei sentral rolle i denne samfunnsomstillinga.

Gloppen kommune har ein Energi- og klimaplan for 2009 – 2012, og denne vil no bli revidert med kommunedelplan for klima for Gloppen 2021 – 2030. I resten av dokumentet omtaler vi denne planen for «klimaplan».



Springflo på Sandane januar 2020. Foto: Roar Henden

2. Føremål med planarbeidet

Føremålet med planarbeidet er å utarbeide ein ny klimaplan for Gloppen kommune.

Klimaplanen skal sette mål, strategiar og tiltak som gjere at Gloppensamfunnet kan nå delmål i 2030, og at vi når nasjonale målsettingar om å vere eit lågutsleppsamfunn i 2050.

Klimaplanen skal omfatte Gloppen sitt arbeid med *klimaomstilling*. Omgrepene klimaomstilling dekker både *utsleppsreduksjon*, *klimatilpassing* og *samfunnet si evne til å omstille seg til ein ny kvardag* (illustert med figur). Planen skal beskrive dei endringar vi som lokalsamfunn må sette i verk og leve etter for å nå målet om eit lågutsleppsamfunn i 2050. Det omfattar omstillingar i forhold til energiforbruk og energiforsyning, privat forbruk og avfall, grønt næringsliv og innovasjon, landbruk, natur og friluftsliv, kritisk infrastruktur, ras, flaum, havnivåstigning m.m.



Figur som viser kva klimaomstilling omfattar.

Klimaplanen skal gjelde utover Gloppen kommune som verksemd. Den skal omfatte mål og tiltak for korleis vi i samspel med næringsliv og innbyggjarane kan redusere vårt lokalsamfunn sitt klimafotavtrykk. Den skal vise korleis kommunen som verksemd kan redusere sine utslepp, og svare på korleis kommunen vil jobbe for at lokalt næringsliv og innbyggjarane skal redusere sine utslepp av klimagassar. Planen vil også danne grunnlag for eit klimabudsjett og klimarekneskap for kommunen som verksemd som skal nyttast opp mot økonomiplanen.

Planen skal vidare svare for korleis vi jobbar med *klimatilpassing* som handlar om vurderingar og tiltak for å tilpasse natur og samfunn til eit framtidig klima. Korleis framtidas klima vil bli, har samanheng med blant anna kor store klimagassutsleppa blir i åra framover. Klimaprofil for vårt område visar at det vert mildare ver, meir nedbør, hyppigare periodar med kraftig nedbør og havnivåstigning.

3. Føringar for planarbeidet

3.1 Internasjonale utfordringar og føringar

Gjennom Parisavtalen er ein internasjonalt blitt samde om å avgrense den globale oppvarminga til under 2 grader, og helst under 1,5 grader for å redusere dei negative effektane av klimaendringane (relatert til førindustriell tid 1850). Allereie i 2016 var den globale temperaturstigninga 1 grad høgare enn før-industriell tid. Dersom verdssamfunnet held fram med same mengde utslepp, er det berre 20 år til vi har nådd mengda klimagassutslepp som er muleg innanfor 2-gradersmålet, i følgje CICERO senter for klimaforsking.



Klimatilpassing med elveførebygging av Holvikelva med fin elvesti. Foto: Gloppen kommune

3.2 Nasjonale føringar og forventningar


Norge signerte Parisavtalen i 2016, og denne dannar grunnlag for nasjonale føringar. Stortingsmelding 41 (2016-2017) *Klimastrategi for 2030 – norsk omstilling i europeisk samarbeid*, samanstillar Norge sine miljømål innan klima (kjelde miljostatus.no):

- Norge skal fram til 2020 kutte dei globale utsleppa av klimagassar tilsvarande 30% av Norges utslepp i 1990.
- Norge har på vilkår forplikta seg til minst 40% utsleppsreduksjon i 2030 samanlikna med 1990.
- Norge skal vere klimanøytralt i 2030. (Klimanøytralt i denne samanheng betyr at vi betalar for utsleppskutt i andre land tilsvarande våre resterande utslepp. T.d. gjennom kvotekjøp).
- Norge skal bli eit lågutsleppsamt i 2050.
- Reduserte utslipper av klimagassar frå avskoging og skogdegradering i utviklingsland, i samsvar med berekraftig utvikling.

I februar 2020 varsla regjeringa at dei ville skru opp klimamåla til minst 50 % reduksjon av klimagassar innan 2030. Rapporten «Klimakur 2030» viser til mulege tiltak for å redusere ikkje-kvotepliktige utslepp med minst 50% innan 2030.

Regjeringa legg kvart fjerde år fram nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging for å fremje ei berekraftig utvikling i heile landet. I «Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023» står klimatilpassing og utsleppsreduksjon sentralt.

I dei nasjonale forventningane er det også lagt vekt på at all kommunal planlegging skal legge FNs berekraftsmål til grunn. Klimaplanen skal på ein god måte synleggjere koplinga mellom FNs berekraftsmål og planen sine mål, strategiar og tiltak. Figuren under viser at miljødimensjonen er ein grunnleggande dimensjon som må jobbast med for å kunne lukkast med dei to andre – sosial og økonomisk berekraft.



Kjelde: Azote Images for Stockholm Resilience Centre

Andre nasjonalt styrande dokument for klimaplanen er Statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing frå 2018 og Statlege planretningslinjene for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging.

Under handsaminga av planprogrammet 29.04.20, gjorde Gloppen kommunestyre vedtak om å føye til denne merknaden til rapporten «Klimakur 2030»: Rapporten er prega av mangelfulle konsekvensutgreiingar knytt til drastisk omlegging av norsk landbruk. Det er viktig å halde oppe landbruksproduksjonen i kommunen samstundes som vi skal nå klimaforpliktingane. Landbruks klimaplan 2021 – 2030 syner at det er mogleg å halde oppe landbruksproduksjonen samstundes som det vert kutta lika menge CO₂-ekvivalenter.

3.3. Regionale utfordringar og føringar

Sogn og Fjordane fylkeskommune erklærte klima- og miljøkrise i oktober 2019, og vedtaket presiserte at dette skulle vere ein grunnleggande premiss for det vidare arbeidet i Vestland fylkeskommune. Den politiske plattforma har definert ambisiøst mål og sagt at Vestland fylke skal vere *nullutslepp i 2030*.

Det er vidare to planer for klimaomstilling i Vestland fylke – ein for tidligare Hordaland og ein for Sogn og Fjordane. For kommunane i tidligare Sogn og Fjordane, gjeld enno «Regional plan for klimaomstilling 2018 – 2021» som vart vedteke av Sogn og Fjordane fylkesting juni 2018. Planen inneholder temainndeling, utfordringsbilde og ein handlingsdel som vil vere til nytte for Gloppen sin klimaplan.

3.4 Lokale mål for klimaarbeidet i Gloppen

Nasjonale eller regionale føringar konkretiserer ikkje kommunen sine klimamål. Det er opp til kommunen - i arbeidet med klimaplanen - å definere våre utsleppsmål. I dei statlege planretningslinjene står det at kommunen sine mål for utsleppsreduksjonar og klimatilpassing bør vere ambisiøse. I dette ligg det ei føring om at kommunen har ei sentral rolle i omstillinga til eit lågutsleppsamfunn. Vidare skal retningslinjene bidra til at klimaomsyn blir inkludert i planlegginga på alle nivå, og at klimaplanen blir eit reelt verktøy for å redusere utslepp og omstille samfunnet.

I gjeldande energi- og klimaplan for Gloppen kommune frå 2009, var visjonen at Gloppen skulle vere eit levande og klimanøytralt samfunn i 2020. Det vart ikkje laga ein handlingsplan for utsleppsreduksjon i samband med planen.

I 2018 vedtok kommunestyret kommuneplanens samfunnsdel. Arealdelen vil bli vedteken i 2020. Sjølv om det er på eit overordna nivå, så legg begge desse planane føringar for arbeidet med klimaplanen.



Mobilitetsveke i Gloppen 2018. Foto: Gloppen kommune

Med bakgrunn i nasjonale, regionale og lokale føringer, skal vi i klimaplanen definere realistiske mål, strategiar og tiltak fram mot 2030. Planen skal også vise veg for samfunnsendingar som må til for at vi skal vere eit lågutsleppsamfunn i 2050. Det skal lagast eit 4-årig handlingsprogram som skal operasjonalisere tiltaka for å nå dei målsettingane som er sett. Dette skal rullerast årleg og koplast til det ordinære arbeidet med budsjett- og økonomiplan i kommunen.

Det skjer ei rask utvikling innan fagområdet klimaomstilling. Nasjonale og regionale føringer endrar seg, og det er ei omfattande utvikling på tiltak som har innverknad på klimagassutslepp. Vi ser for oss at klimaplanen skal rullerast etter 4 år for å vere oppdatert på ny kunnskap og føringer.




Elever på Firda vgs simulerer flaum for statssekretær Alte Hamar. Foto: Gloppen kommune

Under handsaminga av planprogrammet 29.04.20, gjorde Gloppen kommunestyre vedtak om å føye til denne merknaden i forhold til at vi skal vere eit lågutseleppsamfunn i 2050: «Det vil vere viktig at vi omstiller oss og planlegg slik at vi når klimamåla samstundes som vi beheld dei kvalitetane vi har i kommunen med levande bygdesamfunn og spreidd busetting og gode tenester i heile kommunen.»

4. Status for klimautfordringar i Gloppen

Sidan 2009 har Miljødirektoratet levert statistikk for kommunane sine geografiske klimagassutslepp. For Gloppen ser utviklinga slik ut:



Kilde: Miljodirektoratet

Klimarekneskap frå desse kjeldene vil danne grunnlag for mulege tiltak i klimaplanen:

1. Klimarekneskap av Gloppen kommune som verksemd (Klimakost)
2. Klimarekneskap for kommunen som geografiske område (tal frå MD som vist over)
3. Klimafotavtrykk frå kommunen sine innbyggjarar



Figur som viser klimarekneskap for Gloppen

Klimatilpassing er også ein viktig del av utfordringsbilde som vi må løyse i åra framover. Klimaprofil for vårt område visar at det vert mildare ver, meir nedbør, hyppigare periodar med kraftig nedbør og havnivåstigning. Utfordringsbilde vårt er auka risiko for flaum, skred og stormflo. Dette gjer at vi som kommune må vektleggje klimatilpassing i planlegging og i vårt samarbeid med lokale utviklingsaktørar.

5. Temainndeling i planen

Kommunen står fritt til å velje tema i planen, men planretningslinjene gir føringar på kva som bør vere med i ein klima- og energiplan:

- a) Informasjon om klimagassutslepp i kommunen, fordelt på kjelder og sektorar.
- b) Informasjon om energisystem, energiforsyning og forbruk av energi innan kommunen sine grenser, og som viser tilgang på miljøvennlige energiressursar.
- c) Framskriving av utslepp i kommunen med bakgrunn framlegg til tiltak.
- d) Ambisiøse mål for utsleppsreduksjonar.
- e) Ambisiøse mål for meir effektiv energibruk og miljøvennlig energiomlegging i communal bygningsmasse og i kommunen for øvrig.
- f) Tiltak og verkemiddel for reduksjon av klimagassutslepp, meir effektiv energibruk og miljøvennlig energiomlegging.
- g) Utredning av verkemiddel som vi kan tenke å nytte for å nå målsettingane.
- h) Handlingsprogram med en tydelig ansvarsfordeling for oppfølging av klima- og energiplanen.

Kommunen tenkjer det kan vere eit godt utgangspunkt å sjå til temainndeling i den regionale planen for klimaomstilling (som enno gjeld for kommunane i Sogn og Fjordane). Denne temainndelinga kan bli endra når vi jobbar med kunnskapsinnhenting og medverknad i planprosessen.

Temaområde	Beskriving
Energiforsyning og energibruk i bygg	Energieffektivisering i bygningsmassen – både i byggefasen og driftsfasen. Nye formar for energiforsyning.
Arealbruk og transport	Areal- og transportplanlegging som fremjar tettstadsutvikling på ein måte som reduserer transportbehovet, og legg til rette for miljøvennlege transportformer, tek vare på økosystem og gjer oss budde på klimautfordringar no og i framtida.
Næringsliv og teknologi	Korleis styrke og omstille næringslivet, slik at det grøne skiftet fører til positiv utvikling for verksemder i kommunen og regionen.
Klimavennleg landbruk	Legge til rette for at landbruket lykkast med å nå måla i tråd med Landbrukets klimaplan 2021-2030 innanfor kommunen sine ressursar og verkemiddel.
Sårbare naturområde	Naturområde som er viktig for å dempe verknader av klimaendringar og ta vare på biologisk mangfold.
Forbruk og avfall	Forbruksmønsteret vårt har stor innverknad på mengda klimagassutslepp. Kva kjøper vi, korleis brukar vi varene, kor mykje kastar vi og korleis handterer vi avfall.

Innkjøp	Miljøkrav i offentlege innkjøp.
Klimatilpassing	Vurderingar og tiltak for å tilpasse natur og samfunn til eit framtidig klima.
Klimakunnskap og klimakommunikasjon	Haldningsskapande arbeid. Korleis får vi innbyggjarane med på klimaomstilling? Utdanning for framtidas nullutsleppsgenerasjon.

6. Organisering og planprosessen

Sidan klimaplanen er ein kommunedelplan gjeld plan- og bygningslova ved utarbeiding av planen. §4-1 seier at det skal lagast planprogram som skal omtale formål med planarbeidet, planprosessen, opplegg for medverknad, framdriftsplan og vurdere behov for utredningar. Planprogrammet vil bli lagt ut til offentleg ettersyn med seks vekers høyringsfrist.

Politisk styringsgruppe

Formannskapet er planutval, og har mynde til å legge planprogrammet ut på høyring. Dei vil vere politisk styringsgruppe for arbeidet med klimaplanen. Formannskapet vil bli involvert i avgjerdss- og orienteringssaker undervegs i planprosessen. Kommunestyret gjere endeleg vedtak på planprogram og klimaplan etter offentlege høyringsrundar. Det politiske nivået vil bli invitert til ulike workshops som vert arrangert i samband med klimaplanen.

Administrativ styringsgruppe

Kommunedirektøren si leiargruppe vil fungere som styringsgruppe og vert jamleg orientert undervegs i planprosessen. Dei vil også vere involvert i workshops for involvering i samband med planarbeidet.

Arbeidsgruppe

Det er oppretta ei intern arbeidsgruppe i kommunen som har ansvar for utforming av klimaplanen, koordinering og involvering av eksterne aktørar, og halde oppsett framdriftsplan for arbeidet. Planleggar på Plan og utgreiing har rolla som koordinator.

Referansegruppe

Kommunen ønskjer å knytte til seg viktige interessentar og ressurspersonar i planarbeidet. Gruppa blir ein viktig ressurs i å gje tilbakemelding på utforming av klimaplanen, og på realistiske tiltak for



Natur og ungdom arrangerer byttedag/gjenbruk på Firda vgs. Foto: Gloppe kommune

klimatilpassing og reduksjon i klimagassutslepp. For å spare ressurspersonane, vert det ikkje lagt opp til mange møter. Framdriftsplanen viser viktige milepælar der referansegruppa vil bli kopla på. Vi ønskjer at referansegruppa skal ha ressurspersonar blant anna frå Firda vgs, Natur og ungdom, Nomil, Upscale, Tine, Gloppen Næringsorganisasjon, Bondelaget, Sogn og Fjordane Energiverk og Avinor.

7. Medverknad

Det vert lagt opp til brei medverknad i arbeidet med planen. Vi ønskjer å lage seminar/workshops der vi treff ulike målgrupper med ulike tema:

- Innbyggjarane/forbruk/avfall
- Næringsliv/industri/bygg og anlegg
- Landbruket
- Transport/mobilitet og stadutvikling
- Offentleg verksemd/innkjøp
- Skuleklassar grunnskulen/ Ungdom på vidaregåande

Gloppen har i fleire år jobba med eit prosjekt «Grøn skule». Vi ser for oss å bruke nettverket frå dette prosjektet, og skape arena der barn og unge kan få medverknad i planen.

På Firda vidaregåande skule er det eige programfag for Klima og miljøfag. Vi har også ein aktiv organisasjon Natur og ungdom. Dette gir oss ein unik mulegheit til å få medverknad frå ungdom i arbeidet med klimaplanen.

Vi har også eit fortrinn ved at kompetansemiljøet knytt til at renovasjon i Nordfjord, Nomil, ligg i Gloppen. I forhold til medverknad frå innbyggjarane kan tema som forbruk innan kle, mat, hushaldning, reise og energi vere noko som engasjerer.

Vi tek sikte på å finne enkle nettbaserte løysingar for folkemedverknad. Vi ser også for oss eit samarbeid med lokal media i arbeidet med klimaplanen.

Kommunen vil også samarbeide med regionale myndigheter, og Vestland fylkeskommunen og Fylkesmannen i Vestland blir viktige støttespelarar.

Gloppen kommune har også dei siste to åra delteke i eit klimanettverk med Sunnfjord og Kinn kommune. Dette er eit kompetansenettverk som er til nytte for arbeidet med klimaplanen.

8. Framdriftsplan

Følgjande milepælar er sett for planprosessen i arbeidet med klimaplanen:

Framdrift - klimaplan						
	2019	2020				2021
Aktivitet	4. kvart	1. quart	2. quart	3. quart	4. quart	1. quart
Vedtak i kommunestyret om oppstart av arbeidet med klimaplan for Gloppen	28.08.19					
Kunnskapsinnhenting gjennom klimanettverk						
Oppretta intern arbeidsgruppe i rådmannen si leiargruppe		14.01.20				

Vedtak om offentleg ettersyn av planprogram for klimaplanen, Formannskapet		26.02.20				
Høyringsperiode planprogram		26.02 – 01.04				
Bearbeiding planprogram			01.04-12.04			
Vedtak av planprogram - formannskap og kommunestyret			22.04 29.04			
Kunnskapsinnhenting, medverknad klimaplan		26.02	–	13.10		
Utforming og arbeid med klimaplanen, saksutredning		29.04	-	13.10		
Kommunedelplan og handlingsplan for klima vert lagt på høyring. Formannskapet					04.11	
Høyringsperiode klimaplan (min 6 veker)					04.11 – 23.12	
Bearbeiding planforslag						
Vedtak av kommunedelplan for klima 2021 – 2030. Kommunestyret.						

Etter at planprogrammet er vedteke, vil det bli gjort avtale og laga tidsplan for medverknad av ulike målgrupper som er nemnde under kap. 6.

Det vil i høyringsperioden for planprogrammet bli etablert ei *referansegruppe*. Dei vil få komme med sine innspel til planprogrammet. Neste milepål for dei er å komme med innspel i høyringsperioden når klimaplanen er lagt ut på høyring i oktober. Dei vil også bli invitert og orientert om samlingar vi vil ha for medverknad retta mot ulike målgrupper. Dette gjeld også for formannskapet som planutval og politisk styringsgruppe.

9. Utredningsbehov

Kommunen har i dag talgrunnlag som gir oss våre klimagassutslepp innanfor:

- Kommunen som verksemd – klimakost berekna frå Asplan Viak – basert på kostratal for 2018.
- Kommunen som geografisk område – statistikk frå Miljødirektoratet for perioden 2009 – 2017. Talgrunnlaget omfattar *direkte* utslepp innan transport, bygg, avfall og landbruk som blir gjort innan kommunegrensa.
- Klimafotavtrykk hushaldningar – basert på forbrukarundersøking til SSB. Dette er nasjonale tal, og vi treng hjelp til å justere desse til vår kommune, blant anna med inntektsnivå.

Kommunen treng støtte utanfrå til å analysere tal for vår kommune, og utifrå det sjå på mulege tiltak og effekten av desse. Vi treng også hjelp til å lage framskrivingar basert på planlagde tiltak.

10. Økonomi

Arbeidet med klimaplanen vil gjennomførast med kommunen sine eigne fagpersonar. Vi treng støtte utanfrå til analyse og framskrivingar av Gloppen sine utsleppstal på klimagassar.

Tiltaka som skal iverksettast på bakgrunn av klimaplanen, skal inn i det ordinære budsjett og økonomiplanarbeidet i kommunen.



*Gratis utlån av elsyklar i Gloppen kommune. Her demonstrert ved ordførar Leidulf Gloppestad.
Foto: Gloppen kommune*

Vedlegg 1: Ord og utrykk

I arbeidet med klimaplanen vert det brukt ulike ord og uttrykk som vi med fordel kan definere, slik at vi har same oppfatning av betydning av ordet.

CO₂-ekvivalentar (CO₂e)

Klimagassutslepp omfattar både karbondioksid (CO₂), metan (CH₄), lystgass (N₂O) og fluorgassar (HFK, PFK, SF₆). Desse gassane har ulik effekt på den globale oppvarminga. For å kunne samanlikne (og legge saman) effekten av dei ulike gassane, vert dei rekna om til CO₂e.

Lågutsleppsamfunn

Der er klimagassutsleppa redusert med 80-90 prosent i forhold til dagens nivå.

Klimanøytral

Betyr at ein ikkje bidreg til den globale oppvarminga. Dette kan skje ved at ein kompenserer sine klimautslepp ved å kjøpe klimavotar eller investerer i tilsvarande utsleppsreduserande tiltak. Det betyr altså ikkje nødvendigvis å redusere utslepp.

Klimavote

Begrep på fritt omsettelege løyve til utslepp av klimagassar. Ein kvote tilsvarar utslepp av eit tonn CO₂.

Nullutslepp

Balanse mellom klimagassutslepp og opptak av klimagassar. Då må ein fjerne minst like mykje CO₂ frå atmosfæren som det vi slepp ut.

Klimaomstilling

Omgrepet dekker både utsleppsreduksjon, klimatilpassing og samfunnet si evne til å omstille seg til ein ny kvardag.

Klimatilpassing

Omfattar tiltak som blir sett i verk for å tilpasse samfunnet til dagens og framtidas klimaendringar.

Klimafotavtrykk

Omfattar alle direkte og indirekte utslepp som skuldast *forbruk* frå ein person, husstand eller i ei verksemrd. Utslepp som følgje av produksjon av ei vare som skal eksporterast, inngår ikkje i klimafotavtrykket til området der den vert produsert, men der den vert konsumert.

Direkte utslepp

Utslepp som skjer fysisk innanfor eit geografisk område. Direkte utslepp frå ei verksemrd, er utslepp som er ein direkte konsekvens av aktivitet i verksemda. Som regel er desse knytt til transport og oppvarming i våre kommunar. Statistikk for dette vert levert av Miljødirektoratet.

Indirekte utslepp

Alle utslepp som skjer utanfor dei geografiske grensene, som følgje av produksjon av varer og tenester som vert konsumert innanfor området. Indirekte utslepp for ei verksemrd er utslepp som skuldast innkjøp av varer og tenester for verksemda, t.d kontorrekvisita, material og råvarer, bilar etc.

Karbonbinding

Det blir lagra store mengder karbon i myr og skogøkosystemet (i jorda og trea). Opptak og binding av CO₂ er ikkje ein del av klimagassrekneskapen til Miljødirektoratet.

Karbonfangst og –lagring

Er prosessen med å fange CO₂ fra forbrenning av avfall i fabrikkar og kraftverk slik at klimagassar vert redusert. Teknologien er i bruk i dag, men ikkje utvikla i stor skala.

Ikkje-kvotepliktig sektor

Utslepp i ikkje-kvotepliktig sektor er klimagassutslepp frå transport, landbruk, oppvarming i bygg, avfall og bruk av fluorholdige gassar. Desse utsleppa er ikkje inkludert i EU sin marknad for handel med utslepp.

Kvotepliktig sektor

Utsleppskategoriene som er omfatta av EU sitt kvotesystem. På nasjonalt nivå inkluderer det klimagassutsleppa frå fastlandsindustrien, olje- og gassverksemd og luftfart (innanfor EØS-området).